

Delta i debatten,
skriv til oss!



SEND DITT INNLEGG TIL: DEBATT@NATIONEN.NO

Innlegg kan også sendes per post til Nationen,
Postboks 9390 Grønland, 0135 Oslo. Merk konvolutten
«debatt». Ingen som sendes elektronisk blir prioritert.

TEKSTLENGDER:

Kronikk: Maks 5000 tegn med mellomrom.
Leserinlegg: Maks 2000 tegn
Du kan også levere innlegg på nationen.no

Kun bestilte kronikker honoreres.
Redaksjonen forbeholder seg retten
til å redigere og forkorte innsendt
stoff og til å publisere det elektronisk.

Kronikk



Effektivitet: Gjennom auka kvotetak for mjølk har regjeringa alt opna opp for at 1650 mjølkebruk kan produsera heile det norske mjølkeforbruket, skriv kronikkforfattaren.

Foto: Siri Juell Rasmussen

Veks graset inn i himmelen?

Søker ein på ordet «effektivitet» i den nye jordbruksmeldinga, vil ein sjå at ordet finst på nesten kvar einaste av dei 160 sidene, og ofte opp til fleire gonger per side.

Bodskapen er eintydig: Effektivitet! I meldinga heiter det då også: «Hovedformålet med jordbrukspolitikken skal være en kostnadseffektiv matproduksjon».

Effektivitet står, i regjeringa si idéverd, alltid saman med konkurransekraft, låge kostnader og auka verdiskaping. Og det er klart, dette er ting som er bra for bonden. Sjølv sagt vil bonden tena pengar som alle andre. Men bonden veit at jordbruket er del av noko større: Bonden har kulturlandskap å passa, dyr som skal ha velferd, og jord å pleia. Bonden veit at jordbruket kjem frå ei verd som ikkje toler industriell effektivitet, for med ein slik effektivitet går landskapet og dyrevelferda fort tapt.

Effektivitet og konkurransekraft høyrer til den industrielle verda. Jordbruket, på den andre sida, er derimot underlagt naturen og værrets urgamle luner. Ein kan kalle dette ei agrar-religiøs verd, lik den ein kan lesa om i til dømes mosebøkene. Sjølv den dag i dag vert draumetydinga som Josef skal ha gjort av Faro

sine syn - der sju magre kyr kjem og et opp sju feite kyr - nytta som metafor for at etter gode år kjem det skrinne år.

Jordbruket var i starten bunde opp til religiøse forståingar, der naturen var del av det heilage. Ein spelte på lag med naturen i ei forståing av at naturen er meir enn berre eit produksjonsmiddel for konkurransedreven vekst. I det norrøne samfunnet haldt ein til dømes blot fordi ein visste at naturen (og gudane) var noko ein var prisgjevn. Haldt ein ikkje eit godt midvintersblot kunne det hende at våren aldri kom - og som ein kvar jordbrukar veit: inga vår inga vekst.

I ei sentral myte i gresk mytologi blir Persefone, dotter til Demeter - gudinna for avling og vekst - bortført til underverda. Demter leitar og leitar etter dotter si, og medan ho leitar let ho ingenting gro. Menneska svelt, og til slutt blir klagesongen frå dei svoltne menneska så høg at Persefone blir levert tilbake frå underverda. Men i eit hemmeleg triks blir det slik at Persefone vert dømd til å vera i underverda ei viss tid kvart år. Dette vart vinteren som stadig kom, og om vinteren gror ingenting.

Religiøse forestillingar var tufter for jordbruket heilt opp til den industrielle revolusjo-

nen, ofte endå lenger. I dag avfeiar ein dette som overtru, men det religiøse har røtene i røynda, og peikar på noko grunnleggjande: jordbruket handlar om å produsera og å forvalta natur som er avgrensa, sårbar og sykisk. I sum er jordbruket ressursforvaltning av ein avgrensa arealressurs, og det er sjeldan samanfallande med verken industriell effektivitet eller med kostnadseffektiv produksjon. I staden bør jordbruket handla om forvaltning og hevd.

Ingenting er meir forskjellig frå eit slikt syn på jordbruket en den industrielle tenkemåten som dagens blå-blå regjering er forkynnarar av. La oss berre sjå på kva regjeringa føreslår: avvikling av marknadsordningar for korn og egg og geitemjolk, avvikling av konsesjonspris og eigeomsregelverket i jordbruket, kontraktbasert produksjon osv. Alt dette peikar mot eit jordbruk viss einaste mål er større og effektiv produksjon.

Gjennom auka kvotetak for mjølk har regjeringa alt opna opp for at 1650 mjølkebruk kan produsera heile det norske mjølkeforbruket (Fuglestad og Tuftes, Klassekampen, 09.12.2016). Sanneleg effektivt! Men det blir stusseleg mot dei 9000 bruka ein har i dag, og det har lite å gjæra med eit trygt forvaltande jordbruk over heile landet. I regjeringa sin logikk blir alt eit stigande forbruk som ingen grenser har. Økonomen Karl Polanyi skreiv godt om dette i The Great Transformation frå 1944. Jorda

blir ein «kunstig forbruksvare», og jordbruksvarer blir omgjorte til ei vare for masseproduksjon som alle andre varer, sjølv om jordbruksvarer er fundamentalt annleis.

Regjeringa seier sjølv sagt at dei også har som mål å halda landbruk i heile landet, og at landbruket må vera berekraftig. Men det er vanskeleg å sjå føre seg korleis ein skal oppnå dette med ein politikk som er gjenomsyra av industriell vekstlogikk.

Sjølv sagt skal me ikkje tilbake til før-moderne tider og myter, og sjølv sagt skal ein ikkje undergrava at det moderne industri-jordbruket har potensiale til å brødfø mange fleire menneske med mindre slit. Men dette er framleis berre eit potensial, fordi hovudtanken som driv dette handlar berre om vekst og konkurranse, ikkje om skjønnøns-mesig bruk eller fordeling.

Det som me verkeleg treng i ei ny melding, er ei erkjenning av at jordbruket ikkje høyrer til den industrielle logikken, at graset ikkje veks seg evig inn i himmelen, og at sommar går over i vinter. Me bønder er først og fremst forvaltarar og del av ein syklus. For oss handlar ikkje effektivitet om stadig auke og konkurranse, men om å forvalta dyr og jord ein evig syklus.

Eirik Magnus Fuglestad

PhD i sosiologi, trainee Norges Bondelag

NETT

Sagt på nett

Frp trosser Helgesen med ulveforslag

Det vil uansett komme klage på et nytt vedtak om felling. Stortinget må bøye seg for lovene de selv har vedtatt.

Grete Kongshaug

Ulvestriden og Bernkonvensjonen

Har lest Bernkonvensjonen, der er teksten ganske klar. Man trenger en advokat for å få til at den ikke tillater regulering av bestander som er over målsettingen. Man trenger alltid advokat for å lese noe som ikke står i loven.

Per Lindholt

Trude Mostue raser mot nynorsken I

Hvor lenge skal nynorsk trekkes ned over hodet på folk? Det er ikke mer enn 12,5 % av befolkningen som foretrekker nynorsk, og i videregående er det kun 5,6 % som har nynorsk som hovedspråk. Nynorsk er et skriftsspråk for spesielt interesserte.

Karl Jenssen

Trude Mostue raser mot nynorsken II

Kvifor i all verden får Mostue i det heile tatt spalte plass i media? Sjølv om ho er glad i katter, trenger vi ikkje å høyre hennes meninger om alt mulig anna. Det er da stort sett berre tull som kjem ut av munnen likevel.

Tom-Even Svanevik Langø

Gigant-vogntog i skogen

Det er veldig bra at næringskomiteen, med Krf i spissen, har fått meir vettug politikk inn i Skogmeldinga. Det er framleis tynt, men likevel veldig mykje betre enn den «kronikken» som kom frå regjeringa. All ære til Line.

Magnus Hamra

Sagt på Twitter

Feiring

Hurra for helsesøstre over hele landet! 70 år i dag!! På @HiOA_info feirer vi i dag dere og den viktige jobben dere gjør!

Ane-Berit @aneberit



Raser: Trude Mostue raser mot nynorsken.

Foto: Knut Falch / SCANPIX

Logikk

«Vi treng ei erkjenning av at jordbruket ikkje høyrer til den industrielle logikken.»